

Velkommen til Fitjarhelg på Sølgry 24.-26. oktober 2025

i regi av
Fitjar indremisjon og Fitjar kyrkje



«Levande»

«For du vet vel at du er verdifull?
At du er viktig her og nå
At du er elsket for din egen skyld.
For ingen er som deg.»

Solgry Ungdoms- og Misjonssenter er ein kristen leirstad som er eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband. Leirplassen ligg i naturskjøne omgjevnader ved Rød i Sveio. Det tar ein knapp time å køyra frå Fitjar til Solgry.

På Solgry er det internat med 23 rom. Alle romma har eige bad, og det er dyner og puter i alle senger. Ein må sjølv ha med eige sengetøy (laken, putevar og dynetrekk, eller laken, putetrekk og sovepose), eller ein kan leiga sengesett på Solgry. Det er stor møtesal, matsal, peisestove og innandørs ballbinge/idrettshall på leirplassen. Ute er det trampoline, fotballbane, sandkasse, minigolf, reiler, klatrestativ, gokart, kanoar, sandvolley m.m. Det er og eit bygg/rom for luftgeværskyting.

Det er Fitjar indremisjon og Fitjar kyrkje som saman inviterer til denne «leiren», og alle er velkomne, uavhengig av tilknytning og alder.

Pris for heile helga

Vaksne (18+): 1650,-

13-17 år: 1300,-

3-12 år: 1060,-

0-2 år: 0,-

Leige sengetøy/handkle: 100,-

Oppreidd seng og handkle: 200,-

Makspris familie:

2 vaksne med barn: 6130,-

1 vaksen med barn: 4485,-

Ta kontakt med Olav Oma ved
Fitjar kyrkje dersom du treng hjelp
til økonomisk støtte for leiren.

Påmelding innan 8. oktober 2025,
via facebookhendinga «Fitjarhelg på Solgry 2025»,
heimesida til Fitjar bedehus eller heimesida til Fitjar kyrkje.
Om ein ikkje får til å melda seg på digitalt, kan ein ta kontakt med Helga
Rimmereid tlf 975 28 001

Påmeldinga skal innehalda:
Namn og alder, ev ynskje om oppreidd senger, ev matallergiar og liknande
(og alvorsgrad!), kontaktinformasjon
(tlf nr og e-postadresse), ev ynskje om gokart-køyring.

NB! Påmeldinga opnar 8. september. Først til mølla...

Program (foreløpig, det kan koma endringar):

Fredag	
18.00-18.50	Innkvartering
19.00	Kveldsmat
20.00-20.45	Bli kjent-samling
21.00	Ungdomssamling
21.30	Kveldssamling for vaksne

Laurdag	
08.00	Morgonbøn for morgonfuglar
08.30	Frukost
09.30	Samling/møte
10.30	Ulike aktivitetar/tur for ulike aldrar
13.00	Lunsj
14.00	Aktivitetar/tur
15.15	Enkel kaffimat
15.30	Kiosken opnar
16.00	Felles aktivitet
18.00	Middag
19.30-20.30	Leirkveld
21.00	Ungdomssamling
21.10	Kaffi/te kaffimat/chips
21.30	Kveldssamling for vaksne

Søndag	
08.00	Morgonbøn for morgonfuglar
08.30	Frukost
10.00	Familiegudsteneste m/nattv. og kollekt til Solgry
11.00	Aktivitetar
13.00	Middag
14.00	Rydding, pakking, utsjekking og heimreise

«Kast all dykkar uro på han,
for han har omsorg for dykk»

1. Pet 5. 7

Gokart-banen er under utbetring, det er dermed usikkert om vi kan køyre. Dersom banen er klar, og veret tillet det vert det tilbod om **gokart-køyring**, ein runde à 4 minutt pr pers.



Barnekart for dei som er fylt 10 år - 14 år: 150 ,-
Vaksenkart for dei frå fylt 15 år og oppover: 150,-

Ein må melda frå om ein ynskjer å køyra gokart når ein melder seg på helga (bindande). Betaling på Solgry dersom det vert køyring.



Om du har anledning, så følg hendinga
«Fitjarhelg på Solgry 2025» på facebook,
for å få med deg oppdateringar, meldingar,
endringar, påminningar osv.

Hugs:

**Kle etter veret, ev turkle og drikkeflaske,
innesko, ev gymsko, Bibel, skrivesaker, ev badetøy,
sengesett og handkle (el du kan leiga).**

Ta gjerne kontakt med nokon i komiteen om du lurar på noko:

Helga Rimmereid (leirsjef), tlf 975 28 001

Ragnhild Helle Aarskog, tlf 901 59 689

Hilde Karin V Eiken, tlf 415 01 274

Gro Rydland, tlf 954 23 234

Elin Sørfohn, tlf 481 24 131

Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd.
For eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper
deg og held deg oppe med mi rettferds høgre
hand.

Jes. 40, ¹⁰